

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2024

Historikk for årsmøter i ØNU sidan 2010 med viktige vedlegg er å finne på nettsidene vår her:
<http://kringlen.com/onu-underside-aarsmote.html>

Styret har i 2024 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Anders Neset – sekretær/storvaldkontakt

Gudmund Eimhjellen – styremedlem/storvaldkontakt

Narve Fimland – styremedlem/storvaldkontakt

Varamedlem:

Andreas Sørebo

Inge Svorstøl

Revisorar:

Olav Svoen

Torstein Svorstøl

Valnemd til årsmøte 2025

Arne Dvergsdal- leiar

Are Svorstøl

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Styremøter

I løpet av 2024 har vi hatt 2 styremøter. Det har også som før om åra vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. Det meste av aktiviteten vår har vore kommunisert over Facebook- sida til ØNU - <https://www.facebook.com/groups/536166676475053> og noko på tekstmelding til medlemmane.

Arrangement/ Prosjekt som laget har vore inne i siste året:

Årsmøte.

Arrangering av årsmøte 06.03.24 – Fimlandsbua – som dei siste åra også med storvaldsaker. 14 medlemmer møtte.

Fiskekortsalg og båtutleige.

Båtane har vore flittig i bruk store deler av sesongen – både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Også i 2024 har Utmarkslaget tatt ansvar for utsetting, innsetting og lagring av Barnas Turlag sine 2 kanoer i Vonavatnet og 4 H sine 2 kanoar ved Svobrua. Jakt og fiskelaget har plassert sin båt ved Svobrua til allmenn nytte. Uheldig episode i Vonavatnet tidleg på sesongen der båtane våre var involvert. Uhemma festing ved Utosen med bruk av open eld på den tørraste tida og etterlatt masse boss bl.a. godt tauverk. Utsette garn som ikkje blei tatt opp av vatnet. Hendinga vart politimeldt men blei ikkje prioritert av politiet. Det blei i haust gjort gravingsarbeid ved båt plassane våre ved Vonavatnet. Fjerna nokon store røter og steinar som låg i vegen for å få båtane trekt skikkleig opp, få dei ut av vegen for andre båtar og betring av tilgangen til nærliggande naust. Området blei også grusa og drenert og det blei lagt ut nye lunner og montert vinsj for opptrekk.

Betalingsparkering ved parkeringsplassar ved Vonavatnet, Øyjord, Svobrua og Svosvingen.

Framleis god oppslutnad om betalingsparkeringa som utgjer ei viktig inntekt for laget. Vi får betalt ut både for grunnleige ved Vonavatnet, og brøyting ved Øyjord, Svobrua og Svosvingen -jfr rekneskapen. Overskotet brukast saman med inntekter for fiske og båtutleige til å dekke andre utgifter for laget og til å bygge opp ein bufferkonto for dekning av evt uforutsette utgifter. Det aller meste av innbetalingane skjer på Vipps. Parkeringsavgiftene har vore uendra i mange år og i årsmøtesaka «Eventuelt» er det forslag om å auke parkeringsavgiftene.

Tynningsfisket i Vonavatnet

Ola Kringlen har framleis ansvar for koordinering av tynningsfisket i Vonavatnet og gjer ein avgjerande og

stor jobb med dette. Vi er framleis også heilt avhengig av den hjelp vi får frå Ingebrigt Tveite og Ingrid Våle for tynningsfisket i gytetida.

Antal garndøgn i 2024 var ca 400. Utfiska ca 4000 fisk. Dette er høge tall! Gledelig at mykje av aktiviteten i år er tilknytta vårfisket. Her har Ola etablert gode båtlag av dugnadsfolk som har lært seg teknikken og arbeider raskt og effektivt. Desse båtлага deltok også ved haustfisket.

Biolog Harald Sægrov ved Rådgivende biologer som har overvåka tynningsfisket i Vonavatnet sidan vi engasjerte Ingebrigt Tveite skriv i ein epost til oss:

«Ser at fangst pr. garnnatt har vore lågare for begge artane dei to siste åra. Dette indikerer at tettleiken av fisk er lågare enn i åra 2018-2022. Det er truleg litt variasjon i rekrutteringa mellom år og anslaget for årleg rekruttering er også usikkert. Eg trur de har fått bestandane ganske godt ned. De ville nok sett resultat av endå større uttak ved at fisken blir litt større, men dette er jo også snakk om innsats. Eg vil tru at fangstane i haust hadde blitt betydeleg redusert dersom de hadde fiska to-tre dagar til.»

For detaljer sjå vedlegga på nettsidene.

Trekning av reinsdyrløyver og reinsdyrjakta 2024.

Arne Dvergsal har framleis ansvaret for å følge opp ØNU sine interesser når det gjeld villreinjakta i vårt område i Førdefjella villreinområde og han blei valgt til leiar i Villreinutvalget på årsmøtet 2024. Han deltek i møter, held orden på tildeling av løyver, organiserer trekning blant våre medlemmer, rapportering om avskyting etc.

Trekning av reinsdyrløyver for Øvre Naustdal Utmarkslag for jakta 2024 blei gjort 19. juli. Vi hadde fått tildelt ein storbukk og ein kalv. Det var 13 grunneigarar i ØNU sitt område som hadde meldt seg på. Dei som blei trekt ut var:

Beste løyve: Inge Svorstøl – storbukk

Nest beste løyve: Aud Eimhjellen - kalv

Reserve: Arne Kjell Fimland

Avskyting: Det var elendig vær i den aktuelle tida og jakta var vanskeleg. Storbukken blei skoten men ikkje kalven.

Sjå elles <http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

Småviltsituasjonen.

Rune Olsbø ved Florø jeger og fisk driv framleis aktiv undersøking i området vårt med årlege takseringstrapporatar. 2024 med taksering kun i Nes området viste ein viss oppgang som tillot litt rypejakt. Ein omfattande rapport ligg på nettsidene våre.

Stiprosjektet.

I 2024 blei stien til Gjengdalskaret/Maristeinen rydda og rødmerkinga blei oppfriska. Utmarkslaget har sendt søknad om midlar til bestillingsdialogen for Landskapsvernområdet til ei enkel gangbru over Fagredalselva. Stien krysser elva og det kan vere utfordrande under snøsmelting og ved mykje regn å forsere elva. Arne Dvergsdal har elles oppsyn med dei øvrege stiane i ØNU sitt område som i si tid under dåverande Naustdal kommune blei merka i prosjektet «Over stokk og stein». Han rydder og merker om att der merkinga er slitt eller forsvinn.

Hjortejakt

Jaktåret 2024 var femte sesongen etter samanslåinga av Utmarkslaget og Instedalen Storvald. Det er Gudmund Eimhjellen, Anders Neset og Narve Fimland som har hovudansvaret for hjortesaker i styret.

Det blei arrangert jaktfeltleiar møte før hjortejakta i august der info om jakta blei gitt, løyvetildeling, avgifter etc. I tillegg blei det sendt ut detaljert info på tekstmelding til jaktfeltleiarane og informert på Fb sidene våre.

All jakt samt sette og skutte dyr skal rapporterast elektronisk på «Sett og skutt» (Hjorteviltregisteret). Styret har følgd med på rapporteringa i løpet av hjortejaktperioden. Rapporteringa har stort sette vore god dei siste åra.

Fellingsstatistikk har med jevne mellomrom vore lagt ut på «Hjortebørsen» på Fb sidene våre. All informasjon er henta frå Hjorteviltregisteret som lagrar alle data ført av jegerane på «Sett og skutt». Med

unntak av felling av skrapdyr som går utanom kvoten er der er ingen annan kontroll med fellingane enn det som blir ført på «Sett og skutt». Fellingane skal rapporterast kontinuerleg!

Den årlege kvoten for Intstedalen Storvald fom 2023 blei auka frå 50 til 65 dyr. Sjølv om antall fellingar dei siste par åra er monalege høgre enn før vil ein likevel ikkje vere i stand til nå så mange fellingar. I 2024 blei 45 dyr felte; i 2024 – 40 dyr. Tidlegare år knapt 30 dyr. For å betre totalavskytinga vil jakfelt som fyller sin jaktkvote på enkel måte kunne søke om tilleggsløyver på ungdyr og kalv.

ØNU sin administrasjon av løyve til scooterkøyring i LV området.

Fleire grunneigarar nytta transportløyvet som ØNU administrerer på vegne av grunneigarane for transport til hytter/stølar i LV området. Vi fekk i 2019 nytt løyve til å disponere 10 turar pr år som gjeld for perioden 2020 – 2024 - 2. jan til 15. april desse åra. Grunneigarane har sett pris på ordninga som vi på kort varsel enkelt ordner via tekstmeldingskommunikasjon med den enkelte grunneigar.

Tiltak ved Svobrua friluftsområde

Det blei i 2023 søkt om midlar frå Utviklingsfondet til utviding av parkeringsplassen ved Svobrua (10 meter – 3-4 plasser) . Vi fekk innvilga kr 30000,-. Søknaden om løyve til anlegget tok tid og godkjenninga kom først i 2024. Dispensasjonssøknaden kosta kr 18270,- som vi måtte ut med til Sunnfjord kommune. Oppstart med jobben blei våren 2024. Olav Svoen gjorde entreprenørarbeidet, men andre aktørar bidro med bl.a. tilkøyring av masse. Utmarkslaget bidro med noko dugnad i tillegg til eigenkapital – jfr rekneskapen. Arbeidet blei ferdigstilt med godt resultat og parkeringsplassen blei formelt opna til kyrkjelyden si friluftsgudsteneste ved Svobrua Friluftsområde 16. juni der det også var tvillingbarnedåp med dåpsvatn tatt frå elva.

Økonomi

Rekneskapen viser at vi i 2024 fekk inn kr 31332,- på fiskekort/båttutleige og parkering – betydeleg høgre enn i 2023 – då kr 23374,- Dei fleste innbetalingane skjer via Vipps.

Saldoen på **driftskonto** ved utgangen av året 2024 er kr 60780,- ; kr 12581 mindre enn ved inngangen på året. Utgifter til parkeringplass, lunner, arbeid på båtplassen ved Vonavatnet er nok medvirkande til dette. På **storvaldkontoen** er saldoen ved utgangen av året kr 21683,- ; kr 5599,- meir enn ved inngangen på året. Fellingsavgift til Sunnfjord kommune for 2023 var på ca kr 14000,- og vi forventer at summen også for 2024 blir i dette området. Så dermed forsvinn det meste av midlane vi får inn tilbake til kommunen.....

Kommentar: Sjølv om bra økonomi gir oss noko handlingsrom, må vi likevel tenke inntekter og begrense utgifter når dette er nødvendig. Det viser seg at det er lett å få tildelt midlar når vi har gode prosjekt å søke på, og når vi kan gå saman med andre i bygda på prosjekt med felles interesse (td. Grindbygget i 2022, parkeringsplassen 2023-24, bruer etc)) Elles har jo Utviklingsfondet for LV området vore ein sikker søknadsbank for Utmarkslaget. Tynningsfisket i Vonavatnet medfører årlege utgifter for oss på omkring kr 15-20000,- og vi må sikre inntekter som kompenserer dette. Dessutan er det store slitasje på båter med utstyr som må vølast og fornyast. Priser på parkering og fiske har stått stille dei siste 15 år, og som eventuell sak til årsmøtet no er det fremja sak om å auke parkeringsavgiftene

Sjå elles eiga sak på årsmøtet vedr økonomi ved gjennomgang av rekneskapen med revisjon av denne.

Deltaking i nemder og utval.

Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde

Styret i Utmarkslaget har foreslått for styret i Rådgivande utval at leiar i Utmarkslaget med nestleiar som vara i framtida skal representere Utmarkslaget i Rådgivande utval. <http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/> Saka står der men må avgjerast i styret for LV området. Leiar har møtt på dei siste møta.

Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Utmarkslaget har etter at Sunnfjord kommune blei oppretta ikkje hatt eigen representasjon i fondsstyret, men Olav Svoen er valgt som 1. vara - <https://gloppen.kommune.no/tenester/landbruk/utmark/utviklingsfondet-naustdal-gjengedal/>

Villreinutvalget – Førdefjella villreinområde. Arne Dvergsdal er leiar i utvalget og samtidig Utmarkslaget sin representant. <http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

Villreinnemda for Sogn og Fjordane. Utmarkslaget har ingen medlem i nemda men Sunnfjord kommune har valgt ein representant som representerer heile storkommunen. <https://www.villrein.no/sogn-og-fjordane-nemnd>

Prosjekt/drift som Utmarkslaget arbeidde med i 2024 og som blir vidareført i 2025 er:

Vedlikehald og overvåking tynningsfisket i Vonavatnet. Utfisking i 300-400 garndøgn pr år med småauska garn på ubestemt tid er nok nødvendig for å unngå ny overbefolkning av vatnet.

Vedlikehold av stimerking i ØNU sitt område, bl.a. med oppsett av bru over Fagredalselva ved Svostølen på stien mot Gjengdalsskaret/Maristeinen.

Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde

Dagleg drift med vedlikehold av Svobrua Friluftsområde, brøyting av parkeringsplassar, oppslag om fiskekort, parkeringkasse ved Vonavatnet, vedlikehold av båtar, opprigging av utstyr om våren og nedrigging om hausten (båtar, kanoer, bord og benker, garn, parkeringskasser etc), kommunikasjon med kommune og administrasjonen for LV området bl.a. med uttale i forbindelse med søknader om motorisert ferdsel, løypekøyning, bygg og anlegg i ØNU sitt interesseområde.

Ivareta alle forhold omkring hjortejakta, bl.a. møte med jaktfeltleiarane, diverse tiltak som kan fremme grunneigarane sine interesser omkring hjortejakta, overvåking av «Sett og Skutt» og passe på at rapporteringa skjer slik den skal. Planlegging av kurs der forslag om slikt blir fremja.

Administrasjon av reinsdyrjakta for ØNU sine grunneigarar i Førdefjella Villreinområde

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html>

Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe - <https://www.facebook.com/search/top/?q=%C3%B8vre%20naustdal%20utmarkslag>

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen for leining av tynningsfisket og overvåking av fiskesituasjonen i Vonavatnet samt bidrag til å legge ut viktig info på ØNU si nettside under Vonaportalen. Vi må også legge til at styremedlemene i Utmarkslaget legg ned eit betydeleg dugnadsarbeid for laget – både praktisk og organisatorisk. Elles vil vi takke dei av våre medlemmer som har vore med på tynningsfiskedugnaden og i dugnadsarbeid elles i laget.

Florø 19.02.25

For styret i ØNU,

Normund Svoen

Leiar.